

Bømlo kommune
Kommunehuset
5430 BREMNES

Vår dato: 07.07.2025
Vår ref.: 202410826-5 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2024/398-L13

Sakshandsamar: Toralf Otnes,
22959527, toot@nve.no

NVE sin uttale til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for fritidsbustader - Grindheimsvågen - Gnr. 14 bnr. 21 mfl. - PlanID 202401 - Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 10.06.2025. Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for fritidsbustader i Grindheimsvågen. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for vidare utbygging av fritidsbustader, med tilhøyrande småbåtanlegg, tilkomst og parkering.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin konkrete uttale

Planområdet ligg under marin grense, og innanfor aktsemdområde for kvikkleireskred. I ROS analysen står følgjande om kvikkleireskred: «*Planområdet ligg under marin grense, og følgjande kan det også finnast marin leire her. Berggrunnen i området består i hovudsak av vulkansk bergart, lava og laminert tuff. Planområdet består av mykje fjell i dagen og tynt lausmassedekke. Ein kjenner ikkje til tidlegare hendingar i området som er knytt til kvikkleireskred.*»

I følgje [NVE rettleiar 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) sin prosedyre (jf. tabell 3.1) for utgreiing av skredfare står det i trinn 2 at: «*ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m) er det ikkje fare for at det vil utløses områdeskred.*»

Dersom det er dokumentert mykje fjell i dagen og tynt lausmassedekke tilseier dette at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire. Vi ser av ortofoto at det er bergblotningar like



over planområdet, noko som tyder på at vurderinga i ROS analysen er riktig. Det same tyder avgrensingane mellom areal som er definert som aktsemdområde og areal utanfor aktsemdområde på, jf. at ubygde område ligg utanfor aktsemdområde. Sjølv om ROS analysen sine vurderingar synes riktige har NVE eit fagleg råd om at de syter for at konklusjonane blir underbygd og noko meir dokumentert. Det er ikkje naudsynt med særskilt geoteknisk kompetanse for å utarbeide denne dokumentasjon. Slik dokumentasjon kan utarbeidast ved å kartfeste konkrete observasjonar og legge ved bilete. Dokumentasjon og vurderingar kan dermed etterprøvast.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Meld inn naturfareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.



Mottakarar:

Bømlo kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND